

Fra: Kari Brekken [kari.brekken@gulen.kommune.no]

Sendt: 27. februar 2008 10:11

Til: Postmottak KD

Kopi: Trude Brosvik; Harald Haugejorden

Emne: Høyringsuttale vedkommande utviding av timetal på 1. 4. trinn

Vedlegg: Gulen kommune Høyringsuttale i samband med utviding av timetalet på barnetrinnet 2008.
rtf

Vedlagde høyringsuttale vart vedteken i Hovudutval for oppvekst, sak 5/08

Med helsing

Kari Brekken

Rådgivar oppvekst

Gulen kommune

5966 EIVINDVIK

Tlf: 57 78 20 00 / 57 78 20 05 (direkte)

Fax: 57 78 20 99

e-post: kari.brekken@gulen.kommune.no

Gulen kommune vil gi slik høyringsuttale i samband med utviding av timetalet på barnetrinnet 2008:

1. Timetalsauke som medfører at undervisninga ikkje kan organiserast i heile dagar gjennom heile året, vil medføre økonomiske og/eller administrative utfordringar i fådelte skular med mange elevar som treng lang skuleskyss.

Vi ber om at framtidige utvidingar tek omsyn til dette.

2. Det bør ikkje gjerast ei oppsplitting av timane på årstrinna 1.- 4. og 5.- 7. i alle fag.